

Lov for Bømlo Indremisjon

Lover for Bømlo Indremisjon, gjeldande frå 14.02.2024, vedtekne på årsmøte 14. februar 2024 og endeleg vedtekne på årsmøte 12. februar 2025.

§1 - Grunnlag

Bømlo Indremisjon byggjer arbeidet sitt på Bibelen Guds ord og den evangelisk lutherske vedkjenning. På dette grunnlaget driv foreininga alt arbeidet sitt, kallar frivillige og evnt. tilset sine arbeidarar.

§2 - Føremål

2.1 Bømlo Indremisjon har til føremål å fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid. For å nå dette føremålet vil ein til ei kvar tid forkynna Guds ord gjennom dei tiltak, reiskapar og kanalar ein finn tenlege.

2.2 Bømlo Indremisjon vil arbeida saman med Indremisjonsskipnaden og Indremisjonsforbundet for å styrkja Indremisjonen sitt kallsoppdrag. Foreininga vil ta medansvar for å skaffa økonomiske og andre ressursar til dei oppgåver krinsen og Indremisjonsforbundet utfører på vegne av dei innmelde einingar.

§3 – Status

3.1 Bømlo Indremisjon består av dei med lokal tilknyting til Bømlo bedehus, og som er einige i §§ 1 og 2, vedkjenner seg som ein personleg kristen, lever eit kristeleg liv, og er gjort kjent med foreininga sitt grunnlag, føremål og arbeid.

3.2 Bømlo Indremisjon er tilslutta Indremisjonsskipnaden og dermed også Indremisjonsforbundet, og vert omfatta av dei lover og vedtekter som gjeld i organisasjonen.

3.3 Indremisjonsskipnaden og Indremisjonsforbundet har tilsynsmyndighet.

§4 – Årsmøte

4.1 Årsmøtet er Bømlo Indremisjon si høgste myndigkeit, og vert halde kvart år innan utgangen av februar. Alle over fylte 15 år, og som oppfyller §3.1, har røysterett i årsmøtet. Styret for Indremisjonsskipnaden kan senda ein utsending til årsmøtet. Denne har talerett, men ikkje røysterett.

4.2 Årsmøtet handsamar:

- a.** Styret si årsmelding.
- b.** Reviderte årsrekneskapar.
- c.** Lovendringar.
- d.** Andre saker som styret eller medlemene legg fram (jfr. §4.5).

4.3 Årsmøtet vel:

- a.** Medlemer til styret.
- b.** Valkomité.
- c.** Revisor.

4.4 Årsmøtet gjer vedtaka sine med vanleg fleirtal. Lovendringar krev 2/3 fleirtal.

4.5 Vil nokon ha ei sak fram for årsmøtet, må denne vera sendt til styret seinast to veker før årsmøtet skal haldast. Berre styret og foreininga sine medlemer kan fremja forslag til lovendringar. Årsmøtesaker må gjerast kjent for medlemene i god tid før årsmøtet vert halde.

4.6 Ekstraordinært årsmøte kan kallast saman når minst 2/3 av styremedlemene eller 1/3 av foreningsmedlemene ber om det.

4.7 Protokoll frå årsmøtet vert sendt til krinsstyret i Indremisjonssamskipnaden.

§5 – Styret

5.1 Børnlo Indremisjon vert leia av eit styre som er høgste myndighet mellom årsmøta.

5.2 Styret består av minimum sju medlemer som blir valde for to år om gangen, slik at det kvart år vekselvis går minst fire eller tre medlemer ut or styret. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Styret konstituerer seg sjølve.

5.3 Styret held møte når styreleiar kallar inn til det eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.

5.4 Eventuelle tilsette har møterett, med tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett.

§6 - Styret sine oppgåver

6.1 Styret skal:

- a.** Setja i verk og føra kontroll med årsmøtet sine vedtak og avgjerder.
- b.** Forvalta og føra kontroll med Børnlo Indremisjon sin økonomi.
- c.** Sjå til at arbeidet vert drive i samsvar med Børnlo Indremisjon sine lover.

6.2 Styret bind foreininga rettsleg.

6.3 Styret kallar og tilset dei arbeidarane foreininga treng i samråd med styret for Indremisjonssamskipnaden. Arbeidarane blir formelt tilsett og løna av krinsen i fylgje gjeldande løns- og arbeidsvilkår.

6.4 Styret kallar inn til årsmøte og tilrettelegg alle saker som skal handsamast av dette.

§7 – Oppløysing

7.1 Skulle Børnlo Indremisjon bli nedlagt eller oppløyst, går foreininga sine midlar og eigedomar til vidare drift av lokalt, kristent arbeid.

7.2 Samanslutning (fusjon) eller deling (fisjon) vert ikkje rekna som oppløysing. Vedtak om samanslutning / deling og nødvendige lovendringar i samband med dette vert gjorde i samsvar med reglane om lovendringar (jfr. § 8). Styret skal i denne samanheng leggja fram ein plan for samanslutninga / delinga som årsmøtet kan røysta over. Samanslutning eller deling må godkjennast av årsmøtet med 2/3 fleirtal.

§8 – Lovending

Årsmøtet i Børnlo Indremisjon kan endra denne lova med 2/3 fleirtal, jfr. §4.2, 4.4 og 4.5. §§1 og 2.1, første ledd, kan ikkje endrast.